

I fjor lanserte skulemusikken ein ny adventskalendar som vart kjempepopulær. Dette året føl den driftige gjengen opp med ny kalender, og i morgon, fredag, vil representantar frå skulemusikken vere på plass på Spar for å selge den.

Dei flinke skulemusikkantane har vore rundt på bygda og har selt årets adventskalendar. Dei har blitt svært så godt mottekne. Likevel er det nokre som spør kor den er å få kjøpt. Den ligg ute for salg hos Gro`s Blomster, og i tillegg kan interesserte kontakte musikantar og foreldre.

I tillegg vert det organisert salg på Spar Uskedalen fredag frå kl. 10 og utover. Det kan vere at det vert salg der førstkommande laurdag også.



[Kapteinsgården, freda embetsmannsbustad frå 1700 talet, er vedtaksfreda.](#)

Kalendaren kostar 100,- kr. Vinnarnummera vert gjort kjent på uskedalen.no kvar dag frå 1.desember til julaftan. I tillegg vert det oppslag med vinnarnummera på Spar. I fjor vart heile opplaget av den populære adventskalendaren selt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjørnevåg.